



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 21.05.2019  
Vår ref.: 2019/10938-8  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Katrine B. Midttun

## Kulturminnefagleg fråsegn – søknad dispensasjon – gnr. 100, bnr. 23, 24 og 1 - Radøy kommune

Me viser til brev datert 25.04.19 og etterspurte dokumentasjon motteke 02.05.19 med søknad om dispensasjon frå plankrav og føremål LNF i ovanfor nemnde sak, samt vårt varsel om kulturhistorisk synfaring datert 08.05.2019.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 16.05.19.

### Om søknaden

Saka søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for etablering av bustad med garasje og tilhøyrande tilkomstveg på gnr.100, bnr. 23, 24 og 1. Ut i frå mottekne dispensasjonssøknad går me ut i frå at det blant anna gjeld kommuneplanen arealdel §§ 2.1 og 3.4.

Eigedomen er uregulert, men i kommuneplanen for Radøy er den vist som framtidig bustad med tilhøyrande omsynssone bandlegging for regulering etter plan- og bygningsloven. Tilkomstveg er vist innanfor formål LNF.

Ansvarleg søker grunngjev søknad om dispensasjon frå krav til detaljregulering med at det berre er mogleg å byggje ut dei to tomtene som er vist på innsendte situasjonskart. Me kan ikkje sjå at grunngjevinga er tilstrekkeleg, jf. plan- og bygningslovens § 19-2. Etter vårt syn må søknaden ta utgangspunkt i eventuelle fordelar tiltaket vil ha, for dei forhold plankravet skal ivareta. Det er ikkje gjort i denne saka. Me registrerer at området skal vidareførast uendra som bustadformål i KPA for Radøy (plansak 12602013000200).

### Vurdering av området

Me gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune berre har handsama dispensasjonssaka med omsyn til interesser innan kulturminnevernet.

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området regulert til bustadføremål og LNF- området der tilkomstveg er vist (situasjonskart datert 28.03.19.). Det er likevel høgt potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor viste bustadføremål og landbruksformål. Me regner med at det er krav om detaljregulering i området, fordi det er fleire interesser som bør avklarast gjennom ein planprosess, og at kulturminner er ein del av desse. Vi rår difor i frå at det gis dispensasjon frå plankravet og LNF- føremålet i denne saka.

Me ber om å få kommunen sitt vedtak oversendt for klagevurdering.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*